

Tapas-stemning i strandkanten!

24.11.2012



Fristande? Jaaaaa...(Foto: Systrene Nilsen)

Dei som var på Tapas-kveld på Systrene Nilsen i går, angrar nok ikkje. Med 30 frammøtte er det berre deltakartalet som hindrar at det kan karakteriserast som ein suksess. Det var ein veldig intim og koseleg stemning, og tilbakemeldingane frå dei som var der, var overstrøyande og positive.

Det var vår eigen Hjemmelaug-kokk Elin Enes som var ansvarleg for maten, og før servering fortalte ho om Tapas som er vorten så populær i mange samanhengar.

Og det vart servert mykje godt; - 12 velsmakande rettar var det å velja mellom. Sjølv om det ikkje nett er typisk julemat, vart det retteleg god førjulsstemning rundt borda.

Gunnhild Nilsen Hillestad fortel at dei sjølvsagt hadde håpa på betre frammøte.

-Men det er ei travel tid, og kanskje freistar tradisjonell julemat meir akkurat på denne tida?, seier ho medan ho legg til, - I kveld er det ny tapaskveld, og då blir det mykje meir trøkk med vel 60 påmelde til maten. Det er ein fin blanding av vennegjengjar og julebord frå arbeidsplasser, og i tillegg håpar vi på godt besøk utover kvelden, seier ho medan ho understrekar at det er ope for alle etter at maten er ferdig kl.21.

Gunnhild fortel at sjølv om dei hadde forventa større besøk, så ønskjer dei å prøve med fleire tapas-kveldar, men då berre ein kveld, fredag eller lørdag, og kanskje på ei anna tid av året.

- Det fristar til gjentakelse, seier ho.

Gledeleg er det at Systrene Nilsen har hatt mange lukka selskap med vellukka julebord for firma no i førjulstida. Elin Enes har vore ansvarleg for maten på desse og. Då har det blitt servert tradisjonell norsk julemat. I tillegg har det og nokre gonger blitt servert variantar som resultat av inspirasjon frå Toscana-turen med Hjemmekokklaugen.

Elles vert det førjuls-quiz på Systrene Nilsen, og dei er alt byrja å få inn påmeldingar!

Av: Thor Inge Døssland



Fleire fristelsar....(Foto: Systrene Nilsen)